

1 Unge - primus motor i det grønne skiftet!

2 Skal Noreg koma seg ut av oljealderen, må dei fornybare naturressursane våre spela ei
3 større rolle enn i dag. Det ligg store moglegheiter i skogen, jorda og havet. Senterungdomen
4 ynskjer å legge til rette for at dagens ungdom, framtidens arbeidskraft, skal få moglegheiter til
5 å arbeida med nettopp dette. Difor vil vi satse på utdanning, forskning og arbeidsplassar som
6 ein del av det grønne skiftet.[FH1]

7 For mange unge er det i dag alt for krevjande å starta opp innanfor primærnæringane. Dette
8 ynskjer Senterungdommen å endra. Utdanningstilbodet må styrkast. Arbeidsvilkåra innanfor
9 jordbruk, skogbruk og fiskeri må spegla den viktige samfunnsrolla desse næringane har,
10 både i eit beredskapsperspektiv og eit klima- og miljøperspektiv.

11 Unge vil vera motoren i det grønne skiftet. Det trengs nye krefter som kan drive og utvikle
12 norsk næringsliv vidare. Dersom vi skal lukkast med det grønne skiftet, må vi prioritere nye og
13 bærekraftige arbeidsplassar. Noreg treng ei storstilt satsing på rekruttering til skogbruk,
14 jordbruk, fiskeri og havbruk.

15

16 Senterungdommen ynskjer:

- 17 ● Styrke samlingsbasert studietilbod, slik at unge kan utdanne seg ved sida av arbeid
- 18 ● Utstyrstipend frå lånekassen skal sikre reelle kostnader på yrkesfagleg utdanning
- 19 ● Styrke velferdsordningane til sjølvstendig næringsdrivande, med vekt på ferie, fritid,
20 sjukdom og kvinner i barsel
- 21 ● Redvidere dagens mjølkekvoteordning. Staten skal kunne tildele oppstartskvoter for
22 geit-/kumjølke til ungdom som starter opp med produksjon på gard utan kvote.
- 23 ● Utarbeida ein modell for kompetansekrav for å få konsesjon i jordbruket. Slik sikrar
24 ein grunnleggande kompetanse innan drift og produksjon.
- 25 ● Sikre at Innovasjon Noreg har tilstrekkelig med midlar til unge bønder som overtek
26 gardsbruk, for å redusere risiko og gjere det mogleg å investere i drifta.
- 27 ● Redusere snittalderen i jordbruket slik at unge slepp til tidlegare, dette oppnås blant
28 anna med gunstigare tidlegpensjonsordningar
- 29 ● Sørge for at open gruppe har nok kvantum fisk til at unge kan livnære seg på den for
30 å bygge opp kapital til å kjøpe eigen kvote
- 31 ● Innføre fleire rekrutteringskvoter innanfor fiske, kriteria for å få desse må rettast mot
32 unge som er nye på marknaden
- 33 ● Legge til rette for aukt bearbeiding av marine produkt i Norge, mest mogleg lokalt
- 34 ● Styrke moglegheiten for arbeidserfaring, utplassering og lærlingplassar i samarbeid
35 med skogbruksnæringa
- 36 ● Innføre 2 kjønnspoeng til kvinner som søker skogbruk
- 37 ● Satse på undervisningsopplegg om skog, tre og klima i skulen.
- 38 ● Innføra forkjøpsordning på landbrukseigendom for kjøparar under 35 år. Staten skal
39 dekke mellomlegget i åsetetakst og marknadspris i tilfeller der odelsretten fråvik i tråd
40 med odelslova § 20 b).

41 Skriven av Johanne Neteland, Marit Andrisdotter Kvam og Erlend Kvittum Nytrøen